
Vår referanse 2021/44441-3
Dato 10.09.2021

TERJE HÅLAND
URHAUGVEGEN 31
5936 MANGER

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gnr 445 bnr 237 - ny bygning - Alver kommune

Vi viser til søknad av 23.08.2021, og revidert søknad 06.09.2021. Desse skal behandlast av Alver kommune. Vi vil i brevet gjere greie for kvifor.

Saka gjeld

Vi har mottatt søknad om dispensasjon frå byggegrense. Søknaden gjeld bygging av 3 naust langs fylkesveg 5486. gnr 445 bnr 237 - Alver kommune. Tiltaket medfører at byggverk kjem 8 meter frå midten av fylkesvegen.

Eigedomen er regulert i Alver kommune. Mangerøy industriområde, gnr.45 bnr. 230, 231, 237 og 242 frå år 2000 med planID 12602000000200.

Lenke: <https://www.nordhordlandskart.no/pr?arealplanidrp=12602000000200>

Vurdering

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Tiltaket ligger innanfor regulering/utbyggingsplan som tilseier at byggegrenser er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplanen. Det er kommunen som har mynde til å gi slik dispensasjon.

Planføresegnene i reguleringsplanen for gnr 445 bnr 237 viser til at det kan oppførast to nye bygningar med plassering som vist på plankartet. Viser til utklipp av plankartet: [Arealplankart \(Ver 1 Dato: 2000-06-13 prosess: Kunngjøring endelig vedtak \(StdPBL2008\)\)](#)

Elles er det ifølgje Alver kommune sin arealplan byggegrense på 15 m frå vegmidte på fylkesveg 5486.



Konklusjon:

I brevet ditt viser du til situasjonskart der nausta kjem 8 meter frå midten av fylkesvegen fv 5486. Dette er for nærme for at fylkeskommunen finn det rimeleg å gje dispensasjon frå byggegrense slik det er søkt om. Vegen er smal og har ingen fortau til gåande og syklande. Vi rår frå at kommunen gir dispensasjon til omsøkt plassering av naust.

Vi minner om at i regulerte område er kommunen rette mynde etter plan- og bygningslova og det må derfor søkjast om dispensasjon til Alver kommune før fylkeskommunen uttaler seg vidare i saka. Dette brevet må følgje med når du sender søknad til kommunen.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tommy Stamnesfet Loddengaard
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER
KOMMUNE

Postboks 4